

Det Kgl. Landbruks- og matdepartement
postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

| Landbruks- og matdep. | |
|-----------------------|-------------|
| Saksnr.: 2005 1130 | Doknr.: 178 |
| Møtedt.: 8 NOV 2005 | ASR/JUR |
| Saksdel.: IAA | Art.: 41 |
| Kopert: | Avskrift: |

Vår ref.
05/00908-008/JOE

Arkivkode
V04 &13

Dykkar ref.

Dato
07.11.2005

HØRING - FORSLAG TIL DIVERSE ENDRINGAR I JORDLOVA M.V.

MELDING OM VEDTAK

Formannskapet handsama i møte 03.11.2005 sak 0072/05. De vert med dette underretta om at det er fatta følgjande vedtak:


Endringa rører ved grunntrekka i korleis landbruksareal skal forvaltast for å sikre gode driftseiningar. Framlegget slik det no ligg føre kan ikkje handsamast før departementet analyserer og tek stilling til dei verknadene denne endringa vil ha for m.a. konsesjonslov og plan- og bygningslov.

Framlegget står til dels i sterk motsetnad til tilrådingar sentrale styresmakter har gjeve når det gjeld strukturrasjonalisering.

Ein ber difor departementet vurdere å trekke endringsframlegget og i staden setje i gang eit arbeid med gjennomgang av jordlova og tilgrensande lover.

Dersom departementet likevel vel å oppheve delingsforbodet i jordlova bør det gjevast rom for lokale føresegner ved deling av landbrukseigedom.

Med helsing



Arthur Langeland
-rådgjevar

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jens Øyrehagen
Arkivsaksnr.: 05/00908

Arkiv: V04 &13

SAKSKOMITE - FORSLAG TIL ENDRING AV JORDLOVAM.V.

Sakskomiteen si tilråding:

Endringa rør ved grunntrekka i korleis landbruksareal skal forvaltast for å sikre gode driftseiningar. Framlegget slik det no ligg føre kan ikkje handsamast før departementet analyserar og tek stilling til dei verknadene denne endringa vil ha for m.a. konsesjonslov og plan- og bygningslov.

Framlegget står til dels i sterk motsetnad til tilrådingar sentrale styresmakter har gjeve når det gjeld strukturrasjonalisering.

Ein ber difor departementet vurdere å trekke endringsframlegget og i staden setje i gang eit arbeid med gjennomgang av jordlova og tilgrensande lover.

Dersom departementet likevel vel å oppheve delingsforbodet i jordlova bør det gjevast rom for lokale føresegner ved deling av landbrukseigedom.

Vedlegg:

- 1. Sakskomiteen sin rapport**
- 2. Samandrag av høyringsnotatet om endringar i jordlova m.v.**

Uprenta vedlegg:

Høyringsnotat
Diverse høyringsuttalar m.m.

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Utviklingskomiteen oppnemnde i sak 0005/05 ein sakskomite til å utarbeide framlegg til høyringsuttale til endring av jordlova.

Som medlemmer av komiteen var Inge Rolf Torstad (leiar), Sigurd Sætre, Hans Haugen, Jarle Aarvoll og Arne Flatland oppnemnde.

Sakskomiteen sin rapport ligg ved.

Sogndal 31.10.2005.

Jostein Aanestad
rådmann

Arthur Langeland
tenesteleiar



Sogndal
Kommune

SAKSKOMITÉ ENDRINGAR I JORDLOVA

RAPPORT MED TILRÅDING TIL UTTALE FRÅ
SOGNDAL KOMMUNE

TIL FORMANNSKAPET 3.11.2005
SAK NR. 72/05

Innhold

| | |
|---|----------|
| Oppnemning av sakskomiteen..... | 3 |
| Om framlegget..... | 3 |
| Målet med disse endringane er:..... | 3 |
| Departementet foreslår følgjande:..... | 3 |
| Sakskomiteen sine drøftingar | 4 |
| Sakskomiteen har drøfta høyringsframlegget ut frå lokale tilhøve. | 5 |
| Sakskomiteen sitt framlegg til uttale frå Sogndal kommune..... | 6 |

Oppnemning av sakskomiteen

Utviklingskomiteen oppnemnde i sak 0005/05 ein sakskomite til å utarbeide framlegg til høyringsuttale til endring av jordlova.

Som medlemmer av komiteen var Inge Rolf Torstad (leiar), Sigurd Særte, Hans Haugen, Jarle Aarvoll og Arne Flatland oppnemnd. Rådgjevar Arthur Langeland og landbrukssjef Jens Øyrehagen vart oppnemnd av rådmannen som sekretariat for komiteen. Sakskomiteen har helde 3 møter.

Om framlegget

Landbruksdepartementet sender ut på høyring framlegg til endringar i jordlova samt endringar i tilgrensande lovverk.

Mellom anna er kommunane høyringsinstans.

Målet med desse endringane er:

- styrkje busetjinga i distrikta
- stimulere næringsutviklinga
- medvirke til ønska strukturendring i landbruket
- forenkling av regelverk generelt

Departementet føreslær følgjande:

- det generelle forbodet mot deling av landbrukseigedom vert oppheva.
- det vert fastsett reglar om å søkje samtykkje til deling der det er trong for offentleg kontroll, m.a. frådelling av dyrka jord.
- departementet vurderer om det bør gjerast unntak frå delingsfridommen dersom det gjeld bygningar i eller nær tunet på landbrukseigedom.
- departementet vurderer om kommunane bør få høve til å fastsetje lokal forskrift med utvida plikt til å søkje samtykkje til deling ut frå lokale tilhøve.
- tinglysingskontrollen ved frådelling vert oppheva.
- avvikle ordninga med frivillig statleg kjøp
- oppheve høve til oreigning for å sikre tilleggsjord ved vanhevd av jord.

I tillegg føreslær departementet å synleggjere i jordlova § 18 kva reaksjonar forvaltninga har når tilskotsmottakar bryt regelverket. Dette gjeld utforming av forskrifter for å trekje attende tilskot, straff m.v.

Departementet føreslær og å oppheve uaktuelle lover.

Sakskomiteen sine drøftingar

Komiteen vil visa til at framlegget som har fokus på jordlova § 12 vil røra ved mange andre lover og reguleringar som i dag gjeld på landbruksområdet. Komiteen har i sine drøftingar vore inne på desse momenta:

- Kunstig deling mellom inn-utmark
- Påverknad i høve prisenivå landbruksjord generelt
 - Særleg problem med å trekkje ut eit av ressursgrunnlaga for landbruksdrift slik den tradisjonelt er på Vestlandet og å gjera den "fri" omsetteleg
- Kva med rettar som er felles knytt til eit "eigd" utmarksområde
- Kva med rettar i fellesområde
 - her kjem sameigelova inn
- Korleis vert tilhøve til arealdisponeringa etter PBL
- Omsynet til å styrkje gardsbruk, tilføre utmark til dei som treng det
- At jordlova vert oppretthalde slik den er er stabiliserande for landbruket
- Utmarka er og ein kapital for samfunnet
- Rammene i landbruket er slik at det ikkje er produsentdelen som skaper særleg meirverdi
- Korleis vil dette virke på aktiviteten i stølsgrøndene
 - Større interesse for å vedlikehalde stølsområdet(merk stølshus kan gå med i salet)
 - Større press på utbygging i stølsområda for å ha tilknytning til kjøpte utmarksteiger
- Vil slike sal styrkje arbeidet med å halde oppe landskapstrekk
- Vil slike sal sikre avverking som ressurs for lokalt næringsliv
- Er desse bestemmelsane i jordlova naudsynte å ha når arealbruken kan styrast gjennom PBL
- Utviklinga i høve til å halda jord i hevd/i bruk er ikkje knytt til oppdeling, men å samla tilstrekkelege ressursar i dei aktive landbrukseigedomane
- Kan ein tenkje seg at einskilde gjer oppkjøp i mange eigedomar og såleis samlar saman ny eigedom jf den aukande interessa frå kapitalsterke i høve til jakt
- Konsejionsplikten, lova vil regulera kjøpet, fritak for bebygde eigedomar opp til 100 daa.
 - Kan dela frå inntil 100 daa om bygningen ligg langt nok frå tunet
 - Prinsipielt spørsmål korleis definera stølshus ev. som fritidsbustad ?
- Kva andre lover bør vurderast i denne samanhengen ?
- Ein sparar ressursar på omlegging frå tinglysinga til kommunen, men endringa krev større aktivitet med arealdisponering etter PBL – netto gevinst ?
- Kopling til den generelle utviklinga, t.d. er arbeidsplikta i samdrifter oppheva, går ein mot at dei som ikkje bur eig ressursane ?
- Naturressursane i utmark er dei ressursar som i tida no er dei mest verdfulle, kraft, jakt – det styrkar heile bruket, særleg for Vestlandsbruka må ein ha fleire bein å stå på
- Tilhøve til internasjonale endringar og norsk landbruk i det heile
- Det er mange ressursar på ein gard som kan utnyttast økonomisk betre utan å påverke landbruksproduksjonen t.d. utbygging hytter i strandsonen og fjellbeltet
- Deler ein frå små areal er utnyttinga ofte knytt til utbygging, det vert ei sterk påverknad i høve til PBL/regulering/byggjesak
- Det kan ikkje forventast at kommunen regulerer alt som er LNF område
- Det er trong for modernisering, men det må skje gjennom breiare vurderingar
- Trongen for å styrkje jordvernet, er dette eit skritt i rett retning

- Til no har oppdeling i små bruk vore eit problem, det er vanskeleg å samla ressursane i landbrukseigedomar som har tilstrekkeleg ressursunderlag
 - Utvikling i avdrotskrav både på kjøt og mjølk
 - Tiltak for å få lokalt eigarskap til eigedomar som er eigd eksternt gjennom arv mv.

Sakskomiteen har drøfta høyringsframlegget ut frå lokale tilhøve.

Sakskomiteen er samd med departementet i at busetjinga og næringsutviklinga i distrikta må oppretthaldast og helst auke, vidare er komiteen samd i at regelverk som hindrar dette bør endrast og forenklast. Men komiteen meiner at dette framlegget ikkje vil gje eit grunnlag for ei slik utvikling. Delingsforbodet i jordlova er ikkje til hinder for ei slik utvikling.

Komiteen ser at det kan vera rom for endringar/modernisering av lovverket. Framlegget gjer i for liten grad ei vurdering av konsekvensane mellom anna for føremålsparagrafen i jordlova og tilhøve til andre lover. Dette gjeld i serleg grad plan- og bygningslova og konsesjonslova samt tilhøve til rettar og servituttar.

Sakskomiteen meiner at oppheving av delingsforbodet ikkje vil få dei verknader departementet "trur". Komiteen meiner framlegget vil skape eit unaturleg skilje mellom dyrka jord og utmark. Utmarka utgjer 96% av landarealet og såleis dei langt største ressursane for distrikta.

I revisjon av lovverket bør tilgrensande lover som Plan og bygningslova og konsesjonslova, vassdragslova, beitelova, viltlova, laks og innlandsfiskeleva m.fl. gjennomgåast.

Komiteen meiner vidare framlegget vil føre til prispress på utmark, som igjen får prisverknad for innmark, det kan føre til at store areal vert samla på få eigarar utan ein landbruksmessig struktur og forankring. Eit av dei store problema i landbruket er strukturelle, eit mishøve mellom bruksstruktur og eigedomsstruktur. Komiteen meiner framlegget kan forsterke dette mishøvet og at dette best kan avhjelpast ved å endre på praktisering av eksisterande lovverk.

Komiteen vil leggje til at dette arbeidet sjølv om det har vore gjort med kort frist har vist at det er fleire tema på landbruksområdet som det er tenleg å ha politiske drøftingar om i kommunen. Komiteen viser til dei store endringar som har vore i landbruket i kommunen dei siste 20-30 åra knytt til sysselsetting, produksjon og med verknad for m.a. forvaltning av areal.

Sakskomiteen sitt framlegg til uttale frå Sogndal kommune

Endringa rør ved grunntrekka i korleis landbruksareal skal forvaltast for å sikre gode driftseiningar. Framlegget slik det no ligg føre kan ikkje handsamast før departementet analyserer og tek stilling til dei verknadene denne endringa vil ha for m.a. konsesjonslov og plan- og bygningslov.

Framlegget står til dels i sterk motsetnad til tilrådingar sentrale styresmakter har gjev når det gjeld strukturrasjonalisering.

Ein ber difor departementet vurdere å trekke endringsframlegget og i staden setje i gang eit arbeid med gjennomgang av jordlova og tilgrensande lover.

Dersom departementet likevel vel å oppheve delingsforbodet i jordlova bør det gjevast rom for lokale føresegner ved deling av landbrukseigedom.

Sogndal 31.10.05

Inge Rolf Torstad
-leiar-

Sigurd Særte

Hans Haugen

Jarle Aarvoll

Arne Flatland

Samandrag

Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- *at det generelle forbudet mot å dele landbrukseigedom vert oppheva samtidig som det vert fastsett reglar om å søkje delingssamtykke der det er behov for offentleg kontroll med delinga, t.d. ved frådeling av dyrka jord.*
- *at eigaren må søke samtykke til deling eller frådeling av dyrka jord med mindre det er gitt samtykke til omdisponering etter jordlova § 9, eller der frådelinga gjeld jord som skal seljast som tilleggsjord til eit anna bruk i drift.*
- *at tinglysingskontrollen ved frådeling vert oppheva, og at kontroll av om delinga er omfatta av plikt til å søkje samtykke etter jordlova skal gjennomførast i samband med kommunen si handsaming av sak om deling og oppmåling etter føresegnene i plan- og bygningslova og ny lov om eigedomsregistrering.*
- *å avvikle ordninga med frivillig statleg kjøp for å sikre tilleggsjord.*
- *å oppheve oreigningsadgangen for å sikre tilleggsjord eller rettar og i samband med vanhevd av jord.*

Departementet vurderer også:

- *om det bør gjerast unntak frå delingsfridomen dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen.*
- *om kommunane bør få moglegheit til å fastsette lokal forskrift med utvida plikt til å søkje samtykke til deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar, eller om det bør innarbeidast endringar i føresegnene i plan- og bygningslova slik at kommunan kan fastsette føresegner til arealplan.*
- *å oppheve oreigningsadgangen i samband med husmanns-, bygsel- og leilendingsbruk.*

Departementet foreslår dessutan å synleggjera i jordlova § 18 kva for reaksjonar forvaltninga har høve til å nytte overfor tilskotsmottakarar som bryt tilskotsregelverket, og at omsetningsledda har ei rolle i tilskotsformidlinga.

I tillegg til dette foreslår departementet å rydde opp i regelverket ved å oppheva lover som har vorte uaktuelle på grunn av samfunnsutviklinga eller som har mista sin reelle funksjon av andre årsaker. Forslaget gjeld oppheving av følgjande lover:

- *Lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselsforbud mv.*
- *Lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplett kjøtt og skinn av tamrein*
- *Lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m.*
- *Lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn*
- *Lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer*
- *Lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond)*